



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Møre og Romsdal politidistrikt

Dato: 09.09.2020

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

### **Opphaldsforbod/ferdselsforbod Haramsøya**

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna å verne om ålmenta sine rettar til å bevege seg og opphalde seg fritt i vår unike natur. FNF er no gjort merksame på at det etablert eit opphaldsforbod på Haramsøya med gitte rammer knytt til tidsrom og areal i høve til bygging av vindkraftanlegget der ute.

Det er slik vi forstår det satt opphaldsforbod som berører eit areal som er unødig i høve til behovet for anleggsutbygginga. Dette gjer at ferdsel generelt og spesielt til turmålet «Mannen» (sjå <https://www.stikkut.no/turar/300796>) som er eit av mange turmål i STIKKUT, blir hindra.

DNT Sunnmøre har i epost den 21.08.2020 til dykkar Olav Sindre Rise meldt inn konkrete forslag til endringar som betrar tilhøva for friluftslivet. Desse forslaga bør vurderast før ein sperrar av området på ein slik måte ein gjer no, for det skal jo ikkje sperrast av meir område enn det som er nødvendig for utbyggingsføremålet.

**Til beste for folkehelsa ber vi med dette politiet om å vurdere å begrense arealet satt av til opphaldsforbod i tråd med forslag frå DNT Sunnmøre samt siste reviderte kart over vindkraftanlegget frå NVE.**

helsing

Ingbjørn Bredeli  
Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Kopi:  
Ålesund kommune